

H o l den 2. juni 1954.

Universitetets Oldsaksamling,
Oslo.


Jordfund ved stølen Kaslegrasmyra i Hol.

Laurdag den 30.mai i år vart det funne eit sverd i jorda ved Kaslegrasmyra i Hol, som ligg nordi fjellet ikkje langt frå Strandavatnet og omlag på same høgd over havet som dette, kring 950 meter. Det såg omlag slik ut:



Sverdet vart funne av to karar frå Hol som arbeider på Oslo Lysverkers store anlegg her, Rognald Halvorgard og Kittil Veslegård. Dei heldt på flå torva vekk frå jorda på øvre sida av eit stort grustak då dei kom på sverdet. Dei stogga då arbeid-et på den staden der sverdet låg. Dei sende bod til meg, og saman med lærar Olav Larsgard og gardbr. Hallvard Guldbrands-gård drog eg opp der, og ^{vi}såg på det heile saman med finnarane.

Det er ting som tyder på at det er ei grav. Finnarane fortalde at der stod 3 langaktige steinar på ende i jorda og noko opp over denne. 2 stod øvst, den eine sterkt på skrå, og den tredje omlag 2 meter lenger ned. I mellom dei ^{steinane} øvre/og den nedre var jordbakken steinsett. Steinar ~~xxx~~ så store som vanlege lyftesteinar låg mest inntil kvarandre kant i kant, og steinlaget var omlag 1 meter breidt. Det var nedgrodd av gras og mose, og karane kom ikkje, då dei grov der, i hug at dette steinlaget kunne vera noko tillaga. Det var fyrst då dei hadde funne sverdet at dei kom på det. Sett ovanfrå såg det heile, etter skildring av finnarane, slik ut:



Under dette steinlaget låg sverdet, litt på skrå (sjå skissa).


Den eine av dei oppreiste steinane har nokre strek eller beinstreka figurar, og det ser ut til at desse er kunstig innrita. Vi skjønar ikkje kva dei tyder.

Omlag 10-12 cm under jordoverflata var det og eit lite lag av trekol. Det meste var oppsmuldra, men eg plukka og opp ^{heile} små/kolbetar.

Eg vil få lov til å nemne eit fenomen som vi som var på staden laut merke oss. Det viste seg at når ein gjekk med "Ynskekvist" over ~~grava~~ finnestaden, slo denne ned rett over grava. Men så snart ein kom litt ovanom eller nedom, gjorde han ikkje noko utslag. Det er kjent her at ynskekvisten slær ut ikkje berre for vassårar, men og for metall i jorda, og at dersom det er metall ein har for seg, kan ein sjå dette ved å feste ein liten ting av metall (t.d. ein mynt) på kvisten. Kvisten vil då ikkje gje utslag dersom det er metall ein har i jorda, berre om det er vatn. - Med ein mynt på kvisten viste denne ikkje noko utslag over finnestaden, men så snart ein tok han av, verka kvisten som før. Eg nemner berre dette, nærmast som ein kuriositet, utan at eg veit om det er noko lag på det, eller ikkje. Er det det, skulle det vera teikn på meir av metall i grava.

Det vil vel vera av den største interesse å få det heile nærare granska på staden. Også av omsyn til anleggsarbeidet ville det vera godt om dette kunne bli gjort med det aller fyrste.

Vyrdsamt



Sigurd S. Reinton

f.v. ordførar, medarbeidar i Hol

bygdebok.

I n n b e r e t n i n g

om en etterundersökelse av en gravhaugs-
rest ved Kaslegrasmyra, felles hamn for
Löite (gnr. 32, brnr. 13) og Liseslet
(gnr. 38, brnr. 2), Hol s. og pgd., Buske-
rud

ved

Wencke Slomann

---oOo---

I n n b e r e t n i n g

om en etterundersökelse av en gravhaugsrest ved Kaslegrasmyra, felles hamn for Löite (gnr. 32, brnr. 13) og Liseslet (gnr. 38, brnr. 2), Hol s. og pgd., Buskerud.

Undersökelsen ble foretatt 8-9 juni 1954.

Den 4. juni mottok museet en melding fra Sigurd S. Reinton, Hol, om at det under arbeid ved Holsvassdragets utbygning på stölen Kaslegrasmyra i Hol överst i Sundalen var funnet et sverd samt stein med tegn på. Arbeidet på dette sted var stoppet. Jeg ankom til Hol om ettermiddagen og reiste samme kveld opp i fjellet for å se på funnplassen. På veien så jeg på steinen, men mente ikke at det var runer. For sikkerhets skyld skulle den allikevel sendes inn til Museet, så Liestöl fikk sett den.

Der var ingen runer.

Funnstedet for sverdet, ca. 250 m. syd for stölen på Kaslegrasmyra, 4 m. syd for veien dit, lå på toppen av et grustak, som ble benyttet til damanlegget og til vedlikehold av veien. Ved avgravning av matjordslaget hadde arbeiderne støtt på en del stein, deriblant steinen "med tegnene på". Under steinlaget, som etter fortellingen skulle være firkantet "ca. 2 m. lang nord-syd og 1 m. bred öst-vest, med to kraftige stein i nordre ende, en i söndre, større som vanlige løftestein" lå sverdet, litt skrått med håndtaket i nordnordöst. Da jeg kom til, viste det seg at det over det hele hadde ligget en ganske lav jordblandet röys. Det stod igjen en 5 x 3 m. kant rundt midtpartiet, som var helt utgravd. Hele söndre del mot grustaket var også fjernet. Röysen var ikke $\frac{1}{2}$ m. høy, og kanten, tildels markert av større stein, bestod bare av 1 til 2 steinlag. Selve graven såes tydelig som en nedskåret lys oval i den rödlige aur. Den var to m. lang og vel meteren bred, og bare 10 cm. dyp. I det hele kan neppe mer enn 40-50 cm. stein,

Kaslegrasmyra og Liseslet.

jord og lyng ha ligget over gravgropen. Jeg gravde resten av röysen og gjennom gravgropen uten å gjøre nye funn.

1 m. vest for röysen lå en liknende samling stein i lav röys, 3 m. tverrmål, lav. Den gravde jeg neste dag uten å se spor etter noe gravanlegg.

Jeg gikk også over resten av det området som skulle brukes til grustak uten å se tegn til andre fortidsminner. Jeg ga derfor tillatelse til at arbeidet kunne fortsettes.

Funn: C. 29028, enegget sverd.

Wenckelmann

Wencke Slomann

Karlgraven
Felles utmark for
Løite (syn 32:13) & disleslet
(syn 38:2), Hol og gr.
Buskved

W. Hornum, 1954




gravrøyrest og fundsted for
svedit C
batt på gressbakskanten i syd



gravområdet batt på syd
man ser så vidt i nordre del den lysere gress
som må betyde gravnedkjedningen.

[Bessere bilder batt sent på kvelden]



Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:



postmottak@khm.uio.no

Kaskegrasmyna for i under

1401 p.
Hallingdal
Berghund

W. Sloman

1957



Gustabakant